

Referat frå møte i foreldra sitt arbeidsutval (FAU) ved Hafslo barne- og ungdomskule:

Tysdag 26. april 2016 kl. 19.00-20.30.

Til stades: Wenche Sollid, Carolin Ruud, Elin Hilleren, Sigfrid Ahlin Søvde, Hans Martin Brusegard, Gunnar Eikemo, Lisbeth Skjerven, Nina H. Sørensen, Ruth Karin Kvam, Lise Vik-Haugen og Kjell Ertesvåg

Forfall:

Aslaug Øydvin, Jan Ølnes

Sakliste:

24/15-16: Godkjenning av møtebok: Godkjent

25/15-16: Leksehjelp. <http://www.luster.kommune.no/leksehjelp-i-grunnskulen.4903391-167807.html>

Rektor vil informere foreldre i 1.-3.-klasse om at dei som har eit ønskje om leksehjelp, tek kontakt. Skulen vil deretter sjå på løysingar saman med heimen. Kan hende kjem det innspel om leksehjelpa også i den komande foreldreundersøkinga. Dette kan føre til at ein vil revurdere tilbodet slik det har vore dette skuleåret.

Rektor informerte om at det no er 2 assistentar og 1 lærar inne på leksehjelpa. Ingen av desse har gitt uttrykk for at ordninga ikkje fungerer etter intensjonane. Det vil bli gjennomført ei evaluering av ordninga i og med at opplegget er nytt dette skuleåret.

26/15-16: Felles informasjonsskriv frå skule til heim

Rektor: Det skal gå ut felles informasjon frå skulen til dei som skal på den same turen. Ift årets skidag vart det dessverre nokre feil i noko av informasjonen, skulen beklagar dette.

Ift ei anna konkret sak der ein klasse hadde fått skriftleg informasjon om at elevar som ikkje ordnar seg med privat skyss til og frå Heggmyrane, må vere att med eit alternativt opplegg på skulen, hevdar rektor at dette må vere ei misforståing. Rektor presiserte at elevar som ikkje ordnar seg med privat skyss, møter på skulen og sjølv sagt får skyss ordna der. Det vart presisert at det er uheldig at slike misforståingar oppstår, skulen må prøve å gjere dette arbeidet betre.

27/15-16: 10 min ekstra tid i 3. time/avspaseringstid i ungdomsskulen

Elevene i ungdomsskulen har kvar dag 10 min «for lang» undervisningstid. Det er kome spørsmål om korleis denne tida vert brukt. Rektor svara at denne tida fører til 4 dagar avspasering pr. skuleår på ungdomsskulen. Her kan det imidlertid bli noko endring neste skuleår av omsyn til ungdomstrinnsatsinga.

28/15-16: Evaluering av oppstartsmøte med klassekontakter og FaU-representantar i august. Dato for møte til hausten?  
<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/3189372.1686.sybtevswa/Notat+fr%C3%A5+m%C3%B8te+med+klassekontaktar+og+FAU%2C+20.08.15.pdf>

Her vart også erfaringar med handboka for foreldrerepresentantar drøfta, opprinneleg sett opp som eiga sak 32/15-16.

Hausten 2015 inviterte skulen alle FaU-representantar og alle klassekontaktar til felles møte med skulen rett etter skulestart. Målet var å informere om handboka, gje foreldrerepresentantane ein god start på arbeidet og prøve å oppnå auka medverknad frå klassekontaktar m.a. i førebuing av foreldremøte. Intensjonen er at kontaktlærar og klassekontaktar bør planleggje foreldremøte saman og gjerne treffest på førehand. Det er kontaktlærar som bør ta initiativet til kontakt. Det er grunn til å tru at ein ikkje heilt oppnådde desse intensjonane dette skuleåret og at ikkje alle lærarar er innforståtte med innhaldet i handboka. Ein vil prøve om ein kan få dette betre til neste skuleår. Rektor informerte om at det vert arbeidd med ein instruks for kontaktlærarar i Luster kommune, det vil vere naturleg å ha med noko om samarbeid mellom kontaktlærar og klassekontaktar der.

Dato for felles møte for alle klassekontakter og FaU-representantar i august: \_\_\_\_\_

Det kom framlegg om at FaU-leiar kan informere på eit personalmøte på skulen – fortelje om intensjonane med handboka, seie noko om korleis FaU prøver å arbeide, kanskje få til ei drøfting om korleis foreldre og lærarar kan samarbeide enno betre. Rektor og FaU-leiar vil finne ein dato for dette.

Foreldremøte i vår: Alle klassar må gjennomføre foreldremøte der ein m.a. vel klassekontaktar og evt. FaU-representantar (gjeld 2.-, 4.-, 6.-, 8.-klasse).

Diskusjon om ansvaret til klassekontaktane: Viktig å oppmode klassekontaktane om ta eit ansvar ift sosialkveldar.

29/15-16: Organisering av og informasjon om hospitering og jobbskygging på ungdomstrinnet

Denne saka har vore oppe i FaU tidlegare, m.a. 17.03.15 (*Sak 27/14-15: Overgangar; frå barnehage/skule, barneskule/ungdomsskule og ungdomsskule*). Ut frå dette vedtaket er fleire ungdomsskuleforeldre skuffa over at informasjon både om hospitering og jobbskygging til foreldre i stor grad har vore ikkje-eksisterande, og til dels feilaktig/mangelfull.

Rektor vart noko overraska over at foreldre opplever det slik, men ønskjer å gjere dette betre framover. Semje om at det er viktig med gradvis informasjon etter kvart som ein treng det. Viktig å få vite kvar ein kan finne informasjon om opplegg og cirka-tidspunkt både for hospitering og jobbskygging. Foreldremøtet der m.a. Jarle Flo orienterte om

vidaregåande opplæring generelt og om Sogndal vgs spesielt, var bra. Prøve å få han inn att om t.d. 2 år.

30/15-16: Digital idékasse – oppfølging  
<http://www.luster.kommune.no/digital-idekasse.340187.nn.html>

Korleis sikre kontinuitet i dette arbeidet? Treng ein å bytte ut for kvart år dersom ein ikkje har gjort nokre endringar? Det bør inn i handboka at klassekontaktane har eit ansvar ift i syte for at det vert laga referat el.l. etter dugnadar o.a. Viktig at også arbeidet rundt julefesten vert teke inn i den digitale idékassa.

31/15-16: Gåver til ansatte ved jul – evaluering

Jfr sak nr. 7-15/16 (møtedato: 22.10.15) der det vart innført ei ordning med at 1.-, 3.-, 5.-, 7.- og 9.-klasse før jul kvart år kjøper noko til heile personalgruppa ved skulen istadenfor til einskildlærarar eller andre tilsette. Semje om at dette fungerte bra, viktig at klassekontaktar og FaU-representantar vert godt informerte om dette til hausten.

32/15-16: Handbok for foreldrerepresentantar – evaluering.  
<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/2586682.1686.uxqupxyaa/Handbok+for+foreldrerepresentantar.docx.as.pdf>

Sjå sak 28/15-16.

33/15-16: Forfattarbesøk på skulen  
Lesing er eit satsingsområde i Luster. Fleire meiner at for å følgje opp dette bør skulen få til fleire forfattarbesøk. Rektor lova å sjå på saka.

34/15-16: Uteområdet / klatrepark  
Avlevering av bygget skjer 1. juli 2016.

Det er kome innspel om å flytte klatreparken lenger inn på området. Dette er under vurdering. Klatreparken vert ikkje levert før sommaren 2017, men grunna dette får ein no ei heilskapleg vurdering av uteområdet med klatreparken som ein naturleg del av dette. Også barnehagane o.a. skal kunne bruke klatreparken. Også HiL, bygdalaget m.fl. bør inn og meine noko om uteområdet.

35/15-16: Ymse v/rektor

1) Mahari har språkpraksis på skulen 2 dagar pr. veke i 1.- og 2.-klasse + på SFO. Foreldre har bede om meir informasjon om dette. Kommunen vil no lage til ein felles informasjon.

2) 6.-klasse sel kaffi & kaker på foreldremøtet torsdag. Barnehagane er også invitert, og foreldre til Solvorn-elevar.

3) Foreldreundersøking: I perioden mellom 1. og 15. mai. Webbasert.

4) Nytt valfag frå hausten: Koding/Programmering.

5) Ungdomstrinnsatsing: Skrivning blir satsingsområde. Mål: større motivasjon og meistring, praktisk undervisning. Kjem meir informasjon ved skulestart.

Lise Vik-Haugen

26.04.16